



VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR I SANDE KOMMUNE

1. Eigartilhøve

Sande kommune eig og driv barnehagane i kommunen.

2. Forvaltning

Barnehagane vert drivne i samsvar med Lov om barnehagar, føreskrifter og retningsliner fastsett av Kunnskapsdepartementet, og i høve til kommunale vedtak og planar for den enkelte barnehage.

3. Formål

Barnehagen sitt formål jmf. Lov om barnehager §1:

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering».

4. Personale/Bemanning

Barnehagen skal ha ei forsvarleg pedagogisk og administrativ leiing. Barnehagen skal ha ein einingsleiar/styrar som har utdanning som barnehagelærer eller annan høgskuleutdanning som gir barnehagefagleg og pedagogisk kompetanse. Når barnehage og grunnskule er organisert som ei verksemd, kan skulen sin rektor vere styrar i barnehagen. Barnehagen skal då ha ein pedagogisk leiar med utdanning som barnehagelærer, eller med anna treårig pedagogisk utdanning på høgskulenivå med vidareutdanning i barnehagepedagogikk. Sande kommune kan i særlege tilfelle gje tidsavgrensa dispensasjon frå utdanningskravet, jfr. Lov om barnehagar §17 og 18 og Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar.

Ifylgje lov om barnehager § 18 andre og tredje ledd, skal barnehagen ha minst ein tilsett per tre barn når barna er under tre år, og ein tilsett per seks barn når barna er over tre år. Barn skal reknast for å være over tre år frå og med august det året dei fyller tre år.

Kommunen kan gje dispensasjon frå kravet til grunnbemanning i andre ledd fyrste punktum for inntil eit år av gongen når særlege hensyn tilsier det.

Ifylgje Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar §1 skal barnehagen

«...ha en forsvarlig pedagogisk bemanning.

Barnehagen skal minst ha én pedagogisk leder per 14–18 barn når barna er over tre år og én pedagogisk leder per 7–9 barn når barna er under tre år. Ett barn til utløser krav om en ny fulltidsstilling som pedagogisk leder. Barn regnes for å være over tre år fra og med august det året de fyller tre år.

Styrerens tid til administrasjon og ledelse skal ikke inngå i beregningen av normen for pedagogisk bemanning.»

Sande kommune kan innvilge dispensasjon frå dette kravet for eitt år om gongen (§2)

5. Teieplikt/opplysningsplikt

Alle tilsette i barnehagen har teieplikt i høve Forvaltningslova §§13 til 13f.

Alle tilsette i barnehagen har opplysningsplikt til sosialtenesta, den kommunale helse- og omsorgstenesta og barneverntenesta jfr. Lov om barnehager §§21 og 22.

6. Politiattest

Den som skal arbeide i barnehagen, skal legge fram politiattest før oppstart. Kravet gjeld også for vikarar og andre som oppheld seg regelmessig i barnehagen.

7. Krav om språkkunnskapar

Den som skal arbeide i barnehagen, må følgje krava i Lov om barnehagar § 18.

8. Foreldreråd

For å sikre samarbeid med barna sin heim, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval (jfr. Lov om barnehager §4).

Foreldrerådet består av foreldra/føresette til alle barna, og skal fremje deira fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø.

9. Samarbeidsutval

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ.

Samarbeidsutvalet skal bestå av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Einingsleiar/styrar for barnehagen har møte- og uttalerett, men ikkje stemmerett. Einingsleiar/styrar er sekretær for samarbeidsutvalet. Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv. Einingsleiar/styrar er ansvarleg for dette.

Samarbeidsutvalet i den enkelte barnehage skal bestå av ein foreldrerepresentant, ein tilsettrepresentant og ein politisk vald representant.

Ved einingar som omfattar både skule og barnehage skal det vere eitt felles samarbeidsutval for begge områda.

10. Arealutnytting

Sande kommune skal fylgje departementet si rettleiande arealnorm for leike- og opphaldsareal inne som er 4 kvadratmeter netto per barn over 3 år, og 5,3 kvadratmeter netto per barn under 3 år.

Utearealet i barnehagen bør vere om lag seks gongar så stort som leike- og opphaldsarealet inne.

11. Samordna opptak

Alle godkjende barnehagar i kommunen skal samarbeide om opptak av barn i samsvar med Lov om barnehager § 12.

Ved søknad om plass i barnehage skal ein nytte digital søknad som ligg på Sande kommune sine nettsider.

Søknadsfrist for hovudopptak er 01.03. Foreldre/føresette kan søkje heile året.

12. Opptakskriterier

Lov om barnehager § 12 a seier at *«Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter. Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innen utgangen av den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter. Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt».*

Ved hovudopptak i barnehage i Sande kommune gjeld følgjande opptakskriterium i prioriterte rekkefylgje:

1. Born med nedsett funksjonsevne og born det er fatta vedtak om etter lov om barneverntenester jmf. Lov om barnehager § 13 Prioritet ved opptak *«Barn med nedsatt funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal foretas en sakkyndig vurdering for å vurdere om barnet har nedsatt funksjonsevne. Barn som det er fattet vedtak om etter lov om barneverntjenester §§ 4-12 og 4-4 annet og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Kommunen har ansvaret for at barn med rett til prioritet får plass i barnehage».*
2. Born i familiar som har store belastningar på grunn av funksjonshemming, varig sjukdom eller er i ein vanskeleg livssituasjon. Behov må dokumenterast ved uttale frå for eksempel lege, barnevern, helsestasjon eller PPT.
3. Minoritetsspråklege born med behov for norsk språkstimulering.
4. Born som har plass frå før (utviding).
5. Sysken av born i barnehagen der det vert søkt om plass.
6. Eldre born framfor yngre.
7. Søknader gjennom året (mellom hovudopptaka) vert rangerte etter opptakskriteria og føya til ventelista.

Opptakskriteria gjeld når søkjarmengda til den einskilde barnehagen er større enn inntakskapasiteten, eller når ein søker utanom hovudopptak. Nytt hovudopptak nullar ut ventelista, og det må såleis fremjast ny søknad ved kvart hovudopptak.

13. Foreldrebetaling

Stortinget fastset årleg ein maksimalpris per månad og per år for plass i barnehage. Prisen gjeld for eit heildags ordinært tilbod.

Kommunestyret fastset kvart år sats for foreldrebetaling i budsjetthandsaminga. Desse satsane vert gjeldande frå 01.01. komande år, eller evt. andre datoar i samsvar med vedtak. Andre endringar gjennom året skal varslast foreldre/føresette minimum 1 månad før trekk. Foreldrebetalinga vert fordelt på 11 månader, der juli er betalingsfri.

Syskenmoderasjon

Syskenmoderasjon er 30% på barn nummer to og 50% på barn nummer tre, fire osv.

Kjøp av ekstra tid

Kjøp av ekstra tid kan gjerast etter avtale med barnehagestyrar etter dei satsar som til ei kvar tid er nedfelt i betalingsregulativet.

Matpengar

Betaling for mat kjem i tillegg til ordinær betaling. Matpengar skal dekke to fullverdige måltid og eit ekstra lettare måltid pr. dag. Satsen vert fastsett kvart år i kommunens betalingsregulativ.

Redusert foreldrebetaling på økonomisk grunnlag

I samsvar med forskrift for foreldrebetaling i barnehage, kan du søkje om redusert betalingssats dersom den samla inntekta til hushaldninga ikkje overstig eit visst beløp.

<https://www.sande-mr.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/barnehagar/reduisert-foreldrebetaling-og-betalingssatsar/>

Manglande/for sein foreldrebetaling

Manglande eller for sein foreldrebetaling kan føre til at plassen vert oppsagt. Ved betalingsproblem må føresette kontakte kommunen for avtale.

Kommunen kan seie opp ein plass med ein månads varsel. Slik oppseiing kan gjerast ved manglande betaling, ved flytting ut av kommunen og dersom plassen er tildelt ut frå ikkje rette opplysningar.

14. Oppseiing

Skal barn slutte i barnehagen, er oppseiingstida 1 månad. Plassen skal seiast opp skriftleg og sendast Sande kommune. Foreldrebetaling og kostpengar må betalast ut oppseiingstida.

Reglane for oppseiing gjeld også for dei som har takka ja til plass, men som ombestemmer seg før plassen vert tatt i bruk. Oppseiingstida vert gjeldande frå 01. i kvar mnd.

Det er ikkje høve til å ta ut barn etter 1. april utan å måtte betale for heile barnehageåret.

15. Opningstid

Barnehageåret startar opp i august på den dato som rådmannen fastset. Dagleg opningstid skal vere minimum frå kl. 07.30 – 16.00. Opningstida i barnehagane kan variere frå barnehage til barnehage, og vert tilpassa ut frå lokale tilhøve. Max. opningstid kan vere 10,25 timar pr. dag.

Sommarferien er 4 veker, dato fastsett av rådmannen.

Julafta og nyttårsafta er barnehagane stengde. Onsdag før skjærtorsdag er opningstida fram til kl. 12:00.

Barnehagen skal vere open i romjula og man. – ons. i påskeveka dersom det er behov for det, uansett tal born. Det skal sendast ut spørjeskjema til foreldra i forkant om behovet. Kommunen kan evt. samordne tilbodet i barnehagane i romjula og påska, der det er praktisk gjennomførbart.

Personalet i barnehagen har fem planleggingsdagar i løpet av året. På desse dagane er barnehagane stengde. Planleggingsdagane skal stå i barnehagen sin årsplan og på kommunen si nettside.

16. Endringar i vedtektene

Endringar i vedtektene skal til ei kvar tid handsamast i HO-utvalet.

Unntak er endringar som følgje av endringar i lovverket.

Vedtatt i sak PS 7/2019 – Helse- og oppvekstutvalet 20.02.19